

Årsmelding for idrettslaget Føyk 2016



Laget har hatt desse tillitsvalgte ;

Styreleiar	Brit Sexe Ulriksen
Nestleiar	Bente Moe Svoldal
Kasserar	Geir Olav Guddal
Skrivar	Anne Grete Midtbø
Styremedlem	Ingrid Larssen Sekse
	Ann Kristin Espe
	Halvard Torget Eriksen
Idrettsmerkenemd	Grete Børve
Valnemd	Gro Tveit (leiar)
	Magnus Steigedal
Revisor	Randi Fresvik
	Kari Sekse

Me har hatt 5 styremøte i idrettsåret 2016.

Frå 2016 var idrettslaga UTIL og KIL slått i saman til eit felles idrettslag med Harding Alliance. Føyk valde å stå att som eige sjølvstendig idrettslag. Det har derfor ikkje vore andre møter mot Harding enn årsmøte deira 17.02.16. Då møtte Ingrid og Bente.

I mars var Geir på møte med grannabryggjo/padlesenter og Bente og Brit var på årsmøte til idrettsrådet.

I tillegg var det i mars møte med lag og organisasjonar i Sekse krinsen og Ullensvang Herad. Det var synfaring på bygget og det vart diskutert bruken av dei ulike romma. Dette var i forkant av heradstyrevedtak 27/016 som gjeld bruk av areal ute og inne. Heradstyrevedtaket seier at det skal settast saman ei samarbeidsgruppe av lag/organisasjonar og barnehagen/heradet som skal sjå på arealet ute. Dette er ikkje gjort i 2016.

I november var det møte i Kinsarvik ang integrering og idrett. Annalisa Mentuccia som er frivillighetskoordinator Ullensvang asylmottak i regi av Utlendingsdirektoratet (UDI) tok initiativ. Føyk var forhindra på dette møte, men godt initiativ.

Medlemmer

Registrerte medlemmer 2016:

Vaksne: 94 (120)

Ungdom 13-19 år : 27 (27)

Barn 0-12: 47 (43)

Totalt 168 (190)

I 2015 hadde Føyk 190 medlemmer, altså har me ein liten nedgang frå i fjor. Dette vesle minken skuldast dels at me ikkje er ein del av Harding systemet lenger, dels at me har tatt i bruk elektronisk medlemsregistrering. Terskelen for å melda seg inn er nok blitt litt høgare med denne nye medlemsregistreringa med alle dataene som skal inn.

Med tanke på dette er Føyk veldig fornøgd med at medlemstalet held seg høgt også etter desse endringane.

Økonomi

Økonomien til laget er god. Inntektene kjem hovudsakleg frå:

- Medlemspengar kr 22 300
- Tippemidlar (grasrotandelen) kr 21 112
- LAM kr 29 905
- Kulturmidlar kr 15 000

Samla inntekt i 2016 var kr 110 358.

Det vart i 2016 ikkje gjort dei store innkjøpa. Utanom utgifter knytta til ordinær drift og fornying på utstyrsida kan det nemnast at Føyk har skrive avtale med Grannabryggjo om båtplass. For 2016 gav dette ei innbetaling på kr 10 000 til Grannabryggjo. Litt utanom det vanlege er også utlegga Føyk har hatt til møterommet i barnehagen, som me deler med andre lag og organisasjonar. I 2016 la Føyk ut for møtebordet og stolane, totalt kroner 12 378. Sidan 2014 har Føyk lagt ut kr 33 490 til møblar, datautstyr og oppussing av rommet.

Årsresultatet vart eit overskot på kr 25 195.

Viser til rekneskapen for utfyllande detaljar

Treningstilbod i sesongen 2016

Me har hatt og har eit variert treningstilbod for dei fleste aldersgruppene.

Barnehagetrening: Nytt i år. Veldig varierande oppmøte, 2 til maks 8 unger. Kristin Holsen Børve har vore ansvarleg. Har ikkje ho kunna har Jonny Kibsgaard låst opp og hatt ansvar. Prøvd på litt organiserte leiker, men mest frileik. Ynskjer her å vera to trenarar slik at me kan dela gruppa i dei eldste og yngste. Det er for stort sprik mellom ungane grunna alder.

Idrettsskule/treningar for 1.- 2. klasse, 3-4 klasse og 5.- 7. klasse. Me hadde grupper på tre også dette året, men hausten flytta me 5 klasse til gruppa 6-7 klasse og 3-4 klasse blei ei eige gruppe. Me byta treningsdag på 5. klasse og det gav resultat.

1-2 klasse: Det har vore godt oppmøte med ca 8 – 10 born på treningane. Dei har hatt ulike aktivitetar i gymsalen med til dømes ballspel,turn og leikar. Dei har vore på klatring i Tyssohallen og hatt sykkeltraining på grusbanen. Det har vore kjekke treningar med positive born. Både klatring og sykling var aktivitar borna likte godt. Skøytetrening i byrjinga av året var stor stas. Då hadde me og akeaktivitet i bakkane til Sjur. Trenarar har vore Ingrid Larssen Sekse, Lina Djønne og Valborg Sekse. Det har vore helpetrenar med på alle treningane.



3-4 klasse I haust har treninga vore på tysdagane kl. 18.00-19.00. Bente Moe Svoldal har vore hovudansvarleg for denne gruppa, Det har vore godt oppmøte på treningane. Tilsaman 9 born frå begge trinn, og dei møter stort sett kvar trening. Kjekke born å trene. Me har vore heldige å få med oss Anita Meling Meland som hovedtrenar. Det er me utruleg takknemlige for. Foreldre har veksla på å vore hjelpetrenarar. Anita har sett saman eit flott og variert treningsopplegg i gymsalen; grunntrening, ballspel osv. I tillegg til gymsaltrening har me hatt, skøytetrening (januar), sykkeltrening, klatring og symjing i Odda.

5-7 klasse I vår trente 6-7 klasse ilag. Me var heldige å få Hildegunn som trenar gjennom heile våren. Dei har hatt skøytetrening på Sekse, og skitrening på både Korlevoll og Skjeggedal kor dei har hatt skileik og øvd på balanse og teknikk. Dei har også hatt ulike aktivitetar i gymsalen.

I haust valgte me å ta 5. klasse inn i den eldste gruppa. Det har fungert veldig godt. Dei har hatt svømmetreningar i Odda Folkebad. Dei har hatt gymsaltreningar med ulike aktivitetar. Dei fekk prøvd ut den nye Kin-ballen som vart kjøpt inn i haust. Dette var veldig populært. Dei skulle også vore på skyttrening, men det vart avlyst grunna veistenging i Deildo. Tusen takk til foreldre og ikkje minst Hedda Gjerde Tyssebotn som stiller opp som trenar for oss!



13 – 19 år Denne aldersgruppa er organiserte som idrettskule for ungdom, 13-19 år. Hedda Tyssebotn har vore trenar. Totalt har 14 personar vore med på treningane, men gjennomsnittet på treninga ligg på 6-8 personar.

Ballspel damer Ny aktivitet. Starta opp i haust av Brit Sexe Ulriksen. Er ein time med fyrst oppvarming så landhockey. Har og hatt fotball som aktivitet. Me har vore 5-10 stk.

Dametricim (tysdager); 3-10stk. Variert oppvarming og så sirkeltrening hvor alle kan velge intensitet selv. Bodil Nakkerud har hatt treningene når eg ikke har kunna. Trenar Kristin Holsen Børve

Bodypump; Bodypump er en time med styrke trening hovedsakelig med vektstang. Trening hver onsdag og av og til søndag. Oppmøte varierer. Vanligvis er vi 6- 10 personer om onsdagen. Anita Sævdal og Gro Tveit har vekslet på å hatt disse treningene.

Gubbatrim; Det har jamt over vore godt oppmøte på Gubbatrimmen siste året. Mykje av æra for det skal ungdomane ha som har møtt mannsterke opp og faktisk dominerer i på

landhockeyen. Dette lovar godt for framtida. I tillegg til landhockey har me i haust hatt volleyball. Etter jul vil me prøva i få i gang att litt sirkeltrening med styrke.

Trim Turgåring; Onsdagsturane.

Trim-turen omkr. Sekse med start frå Grannatun kl. 19.00 er ein tur som passar dei fleste. Tempoet er ikkje stort, ikkje krav til utstyr, hopp av og på når du vil, ikkje noko krav til å gå heilt omkring Sekse, du kan gå så langt du vil. Det einaste kravet er å bruka refleksvest eller reflekterande klæde. Det å koma seg ut, gå samla, prata, utveksla meiningar, synspunkter og ha det sosialt er det turen omkr. Sekse har å tilby. I år har me vore frå 1 til 5 stk. som har gått turen. Det er litt mindre enn i fjor, har tru at det vil verta endå fleire med tia.

Treningstider:

For oppdatert treningsoversikt sjå Føyk side på facebook og indreaustsio.no. Den heng og på grannatun og ved inngangen til garderoben. Indreaustio gav ut ein informasjonsfoldar hausten 2015 og då låg treningsplanen til FØYK med

Friidrett

Føyk har ikkje ei eiga friidrett trening, men det er gjennomført timar via idrettskulen. Men det kunne vore meir. Harding arrangerte munketreppene opp og fleire lokale er i toppen. Jonny Kibsgaard frå Gular hadde 2. plass på tida 45:43. Raskaste dame til topps var May Britt Buer frå Gular på tida 49:20. Anne Gerd Nysveen frå IL Harding tok 3. plassen på tida 57:21. På Blømingmila i mai var og fleire lokale med og May Britt Buer frå Gular vann her også.

LIATRAVEN FØYK 2016

Følgjande 20 personar gjennomførte alle fem turmåla til idrettslaget Føyk i 2016:

Namn	Poeng	Antal år
Per Strømmen	1005	3
Siv. K Brattespe	580	5
Jorunn Børve	497	6
Anne Gerd Nysveen Djønne	466	4
Gro Tveit	390	4
Trond Steine	371	5
Olav Guddal	270	2
Kirsti Solheim	269	5
Geir Olav Guddal	241	6
Anne Grete Midtbø	225	5
Einar Børve Guddal	207	3
Anita Sævdal	182	2
Bjarne Børve	179	3
Arne Guddal	150	2
Johannes Solheim	146	3
Björg Hovland Børve	132	5
Marit Hovland Berntsen	110	2
Olav Eirik Børve	82	Kopp!
Silje Brattespe	70	2
Vårin Opedal Brattespe	70	Kopp!

Vinnar av vaksenklassen vart Per Strømmen med 1005 poeng. Dette er ny rekord, i alle fall etter 2007! Totalt hadde han 104 turar på lia.

I barneklassen vann Arne Guddal med 150 poeng.

Totalt vart det funne 1464 innskrivingar i bøkene for 2016, opp frå 1199 i fjor. Dette er veldig bra!

20 stk gjennomførde Liatraven, 6 færre enn i fjor.

I alt 2 personar hadde alle turmåla for fyrste gong, Føyk medlemmer får kopp til odel og eige.

Me minner om at Føyk også fører statistikk over fleire år, sjå utfyllande info på «www.indreaustsio.no». Planen er å gjere stas på trufaste travarar ved oppnådde runde tal.

Kartprosjekt I samband med Liatraven arbeider Føyk med sporing av rutene i Liatraven og alternative tilknytta ruter. Planen er å få utarbeid kart og 5 informasjonstavler. I tillegg å få lagt ut detaljert informasjon om turane på ei internettside. Føyk har fått kroner 40.000,- til dette arbeidet som støtte frå Hordaland Fylkeskommune. Prosjektet nærmer seg i mål og Geir Guddal har gjort ein fantastisk innsats.

Turkartet i målestokken 1:25 000 vil dekke området frå Skjeldvik i sør til Børve i nord. Det blir lagt ut for sal på vårparten.

Arrangement

Trimkarusell;

Alle 3 løp var på Sekse 19, 26 mai og 29. mai. Oppmøte var størst første dag med 45 stk, så 31 stk og siste dagen 34 stk. Det ble utdelt til saman 42 premier. I år var premien pølsepinner til alle som hadde deltatt 2 av 3 ganger. De minste fikk i tillegg lego drikkeflaske, mens de eldre fikk termos. Takk til Isklar som sponset oss med drikkevatt i år også. Siste dag i trimkarusellen avsluttes med grilling.

Kveldsmattur

Føyk har hatt tre turer for dei minste. Fyrste turen var til Hyggjer på Espe i april. Turen tok ca 20 min. Utruligt fin tur kor me var heldige med været. Me grilla og ungane leika og kosa seg.



I september hadde me to turer. 4. september møtte me hjå Sjur på Sekse og gjekk tur til bålpanna til Valborg og Johan. 12 september var me igjen på Skjæret ved Børve fruktlager. Der hadde Geir med kano så alle kunne prøva. Det var kjekt. Flotte turer.



Idrettsmerke

Grethe Børve har vore ansvarleg og det var 4 stk som tok merket. Desse var Bodil Nakkerud, Åshild Hesjedal, Grethe Børve og Geir Olav Guddal.

Oppmøtet på idrettsmerketakinga er litt dårleg. Me vil vurderer å avslutta innetreningane til dei vaksne med idrettsmerketaking siste treningsdagen på våren.

Sjå vilkåra for idrettsmerket på www.indreaustio.no under Føyk.

Skøyter

I byrjinga av 2016 hadde me ein kort periode med skøyteis og stor aktivitet. Både organisert og uorganisert. Det er utroligt kjekt for borna når isen er klar så tusen takk til alle som deltek og lager isen til. Hausten 2016 har det ikkje vore kaldt nok for å laga skøyte is.

Aktivitetsdag i Tyssohallen

10 januar hadde me aktivitetsdag i Tyssohallen. Hallen delte me inn i 3 aktivitetar. Klatring med Bård, Ingrid, Petter og Hildegunn. Det var badminton med Brit og fotball med Magnus. Det var i alt 26 born pluss ein del vaksne.

Tur til Oksen

23 august hadde me planlagt fjordatur med MS Lindenes. Dette var ikkje noko av pga for få påmelde , men med privatbilar til Tjoflot var det tur til Oksen alikevel. Vegen nedatt gjekk til Djonno. Me var 14 stk og ein strålande tur.



Diverse

Føyk fekk 100 000 kr i tilskudd frå Sparebanken Vest sitt prosjekt hjartebank. Me søkte om midler til kjøp av utstyr i samband med evt padlesenter. Me ynskjer å kjøpa kajaker å få dette inn som ein aktivitet/ev utleige.

Grannabryggjo: Føyk har vedteke at me kjøper ein båtplass på den nye Grannabryggjo. Føyk har god kontakt med styret i Grannabryggjo vedrørande mogeleg framtidig satsing på eit padlesenter i tilknytting til anlegget.

I haust hadde me 3 stk fotballtreninger for 1. klasse grunna Deildo. Dette var i perioden då båt var satt inn. Føyk har kjøpt inn gode fotballer som kan nyttas om ein er i ballbinga/grusbanen på fritida og.

Desember var det delt ut refleksvester til alle medlemmene våre med ynskje om god jol.

Styret er i gang med å sjå på overtrekksdress og treningsklede for Føyk. Dette blir kjempebra – følg med.

Info

Føyk har e-post adressa foykil@gmail.com. Denne sjekkar skrivaren i laget, send gjerne e-post. Føyk finn du og på facebook og på nettsida www.indreaustsio.no.

Sekse 10. januar 2016

Leiar FØYK
Brit Sexe Ulriksen